



KSK-notat nr.: 26/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søkjarsak:	SFE Produksjon AS / Leknesvatn kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane / Askvoll kommune		
Ansvarleg:	Øystein Grundt	Sign.	
Sakshandsamar:	Bård Ottesen	for Sign.:	
Dato:	18 APR 2012		
Vår ref.:	NVE 201002803-48		
Sendast til:	Søkjars og alle som har uttala seg til saka		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til å byggje Leknesvatn kraftverk i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhald

Samandrag	1
Søknad	4
Høyringsuttalar	5
Søkjars sine kommentarar til høyringsuttalane	8
Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse	15
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader	17
NVEs vurdering	22
NVEs konklusjon	27

Samandrag

SFE Produksjon AS søker om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggje Leknesvatn kraftverk i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane. Søknaden vert handsama etter reglane i kapittel 3 i same lov.

Etter synfaring og på bakgrunn av innkomne høyringsuttalar har NVE bedt søkjars utgreie alternative løysingar for inntak for Leknesvatn kraftverk. Søkjars har i tråd med innspel frå innkomne høyringsuttalar lagt fram desse tre alternativ:

- Alt. 1 Inntak i Nedre Leknesvatn som omsøkt (kote 445), men vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Veg fram til påslag for tunnel kote 290.
- Alt. 2 Inntak på topp av Ertefossen (kote 420,5). Vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Veg fram til påslag for tunnel kote 290.
- Alt. 3 Inntak under Ertefossen ca. kote 357. Vassveg ført fram som røyrgate etter trase som i opphavleg søknad.

Søkjars har no alternativ 1 som sitt hovudalternativ.

I tabellen under er nøkkeltal for alternativa lista opp:

	Inntak	Yting	Produksjon, GWh			Kostnader	
	Kote	MW	Vinter	Sumar	Sum	Mill. kr	Kr/kWh
Omsøkt	445	4	11,4	4,0	15,4	45,0	2,92
Alt. 1	445	4,22	11,8	2,8	14,6	54,3	3,72
Alt. 2	420,5	3,76	10,6	2,5	13,1	45,5	3,47
Alt. 3	357	2,75	7,7	1,9	9,6	35,9	3,74

Skilnaden frå opphavleg søknad til justerte alternativ 1 og 2 er at øvre del av røytraseen i begge alternativa er lagt i tunnel frå kote 290. Vidare er inntaka for alt. 2 og 3 trekt lenger ned. Høyringspartane har uttalt seg til opphavleg søknad, men endringane i justert søknad er i tråd med innspel frå innkomne høyringsuttalar og sluttsynfaring. NVE har difor ikkje funne det naudsynt å sende framlegg til alternative inntaksløysingar på ny høring. Tiltakshavar har, ut i frå store konflikhtar og innkomne uttalar i høyringsrunda, valt å gå bort frå løysinga med veg og nedgrave røyrgate heile vegen opp til Nedre Leknesvatn. Det vert no primært søkt om at det vert gjeve konsesjon for alternativ 1 med inntak i Nedre Leknesvatn og tunnel frå kote 290.

For at mest mogeleg av magasinet Bjørnastigsvatnet skal kunne nyttast vil tappestrategien bli endra. Magasinet vil bli tappa med maksimalt $1,8 \text{ m}^3/\text{s}$, noko som betyr ei forlenging av tappeperioden i forhold til dagens situasjon. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring på 21 l/s heile året.

Søknaden er vurdert i samanheng med same tiltakshavar sin søknad for Grunnevatn kraftverk i same vassdrag, der ei avgjerd om konsesjon til kraftverket vart fatta 20.10.2011.

Askvoll kommune ser positivt på at Leknesvatn kraftverk vert bygd ut. For Leknesvatn kraftverk er det eit krav at vassvegen vert bora forbi Eitrefossen, og at det vert etablert vegtilkomst til boresjakt ved Eitrefossen.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at konflikten knytt til Leknesvatn kraftverk i hovudsak er knytt til landskap i øvre del av tiltaksområdet. Dersom det vert gjeve konsesjon til å nytte fallet frå over Ertefossen, meiner Fylkesmannen at det må settast krav om tunnel og sjakt frå under Ertefossen til eit veglaust inntak.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i fylkesutvalsmøte den 01.09.2011 vedtatt at dei støttar utbygging av Leknesvatn kraftverk under føresetnad av at vassvegen blir bora forbi Eitrefossen. Vidare må det etablerast vegtilkomst til boresjakt ved Eitrefossen. Tiltaket, som omsøkt, er i konflikt med både nasjonale retningslinjer og framlegget til vasskraftplan. Fylkeskommunen fremmar forslag til alternative utbyggingsløysingar og avbøtande tiltak.

Statens vegvesen, Region Vest viser til at avkjørsle skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming. Framlegg om løysing for avkjørsle skal godkjennast av Statens vegvesen før den kan takast i bruk.

SFE Nett AS opplyser at det er ikkje er kapasitet i eksisterande nett før sentralnettet blir opprusta og overføringskapasiteten auka.

Sogn og Fjordane Turlag meiner at Leknesvatn kraftverk som omsøkt er svært konfliktfylt og går sterkt mot utbygging. Turlaget fremmar forslag til alternative utbyggingsløysingar og avbøtande tiltak.

Norges Småkraftverk AS meiner at SFE ikkje eig fallrettane til Fesselva/Botnaelva i Skorvenvassdraget.

Gunnar Osland uttalar at utbygginga av Leknesvatn kraftverk vil ha liten eller ingen negative konsekvensar for han som grunneigar.

Ei utbygging vil gje frå 14,6 GWh/år til 9,6 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon, avhengig av alternativ. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. I løpet av dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og på fornybar energi.

NVE meiner at redusert vassføring i øvre del av tiltaksområdet, og naturinngrep ved etablering av veg og rørgate, er dei største ulempe ved prosjektet. Av dei ulike utbyggingsalternativa som er lagt fram meiner NVE at alternativ 2 med inntak ovanfor Ertefossen samla vil vere det beste alternativet med tanke på mest mogleg produksjon og minst mogleg konflikt knytt til landskap og friluftsliv. Alternativ 2 vil gje noko mindre produksjon enn alternativ med inntak i Nedre Leknesvatnet, men NVE vurderer at fordelane for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv er større enn ulempe knytt til tapt produksjon. Redusert vassføring i Ertefossen kan avbøtast på ved å auke minstevassføringa i sommarsesongen. Samla sett meiner NVE at det er fleire fordelar enn ulemper ved val av alternativ 2, og at dette alternativet gir ei betre utnytting av eit allereie regulert vassdrag. Med god detaljplanlegging og oppfølging i anleggstida vil det etter vårt syn vere mogleg å tilpasse anlegget til terrenget på ein god måte.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Sogn og Fjordane Energi AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Leknesvatn kraftverk etter alternativ 2. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har motteke følgjande søknad frå SFE Produksjon AS, datert 10.01.2011:

"SFE Produksjon AS ynskjer å nytte vassfallet frå Nedre Leknesvatn til Markavatn til kraftproduksjon og søker med dette om fylgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å bygge Leknesvatn kraftstasjon

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- bygging og drift av Leknesvatn kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer.

Naudsynte opplysningar om tiltaket går fram av vedlagte utreiing.

Til orientering kan vi opplyse at vi allereie har konsesjon på erverv av fallet frå Nedre Leknesvatn. Den ble gitt ved kgl. res av 16. sept. 1938 og stadfesta ved kgl. av 10. nov 1961. Side 207 i meddelte vassdragskonsesjoner, sitat; "Ervervet omfatter også et nyttbart fall på ca. 263 m i Lekneselva ovenfor Øvre Markevatn....."

Nedre Leknesvatn kraftverk, hovuddata

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	6,30
Årleg tilsig til inntaket	mill. m ³	23,96
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	120
Middelvassføring	m ³ /s	0,76
Alm. Lågvassføring totalfelt	l/s	44
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	58
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	56
Alm. lågvassføring uregulert	l/s	21

KRAFTVERK

Inntak	moh.	445
Avlaup	moh.	165
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	1500
Brutto fallhøgd	m	280
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,664
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,8
Slukeevne, min	m ³ /s	0,18
Tilløpsrøyr, diameter	mm	900
Tilløpsrøyr, lengde	m	1900
Installert effekt, maks	MW	4
Brukstid	timar	3850

MAGASIN Bjørnastigsvatnet

Magasinvolum	mill. m ³	9,2
HRV	moh.	494,9
LRV	moh.	474,9

PRODUKSJON

Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	11,4
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,0
Produksjon, årleg middel	GWh	15,4

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	45,0
Utbyggingspris	kr/kWh	2,92

Nedre Leknesvatn kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Yting	MVA	4,5
Spenning	kV	0,6

TRANSFORMATOR

Yting	MVA	4,5
Omsetning	kV/kV	0,6/22

NETTILKNYTING

Jordkabel lengde	M	200
Nominell spenning	kV	22

Høyringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 07.09.2011 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen, grunneigarar og Sogn og Fjordane Turlag. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande merknadar til søknaden:

Askvoll kommune har i kommunestyremøte den 20.06.2011 vedtatt at kommunen ser positivt på at Leknesvatn kraftverk vert bygd ut. Kommunestyret set som krav at vassvegen vert bora forbi Eitrefossen, og at det vert etablert vegtilkomst til boresjakt ved Eitrefossen.

I vurderinga frå administrasjonen vert det peika på at området er prega av ein lys og open furuskog og blandingskog, og at det er få område elles i kommunen som har slik skog. Området er difor svært attraktivt som turterreng, og vert svært mykje nytta. Stien opp til Leknesvatna går nokolunde parallelt med elva i eit høvesvis smalt, bratt dalføre. Vatnet i elva og lyden av rennande vatn er etter administrasjonen si meining ein vesentleg del av naturopplevinga her. Den omsøkte vegtraseen vil oppta ein stor del av dalen si breidde på einskilde stader, mykje skog vert fjerna, og vegen vil gå på kryss og tvers fleire stader og utgjere til dels store inngrep i dei bratte liene og blankskurte fjella. Administrasjonen meiner det ikkje bør anleggast veg opp til Leknesvatna. Ein veg langs elva vil vere uheldig iht. opplevings- og friluftsværdien i området.

Slik administrasjonen ser det, er det i hovudsak friluftsværdien i området som vert råka av dei omsøkte tiltaka. Dei omsøkte vegane i området vil totalt sett ha stor negativ verknad. Svært store delar av kommunen er prega av ulike utbyggingar i vassdraga. Av dei høgareliggande fjellområda er det berre platåa med Leknesvatna og Stordalsvatnet/Longevatnet med Nipebu som er urørt igjen i kommunen. Desse områda er mykje nytta til friluftsliv. Administrasjonen meiner difor det vil vere svært uheldig å

byggje ut Leknesvatn kraftverk. Dei høgareliggende områda i konsesjonssøknadene er så verdifulle for lokalbefolkninga at vassressursane her ikkje bør byggast ut.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gitt uttale i brev av 28.06.2011. Fylkesmannen vurderer at Leknesvatn kraftverk er konfliktfylt i høve til landskap, inngrepsfrie naturområde og biologisk mangfald, men meiner likevel at utbygginga er akseptabel for allmenne interesser dersom det vert sett vilkår for konsesjonen.

Konflikten knytt til Leknesvatn kraftverk er i hovudsak knytt til landskapsverknader i øvre del av tiltaksområdet. Det er særleg knytt til vegframføring og røyrgate frå under Ertefossen til planlagt inntaksdam. Dette vil medføre store inngrep i høgjellslandskapet som ikkje vil forsvinne over tid. Dess lengre denne veg-/røyrгатетraséen er, dess større er konflikten. Dersom det vert gjeve konsesjon til å nytte fallet frå over Ertefossen, meiner Fylkesmannen at det må settast krav om tunnel og sjakt frå under Ertefossen til eit veglaust inntak. Flytting av inntaket ned mot Ertefossen reduserer lengda på tunnel og reduserer påverknaden på høgfjellet. Minstevassføring vil kunne sikre eit minimum av biologisk mangfald i elva gjennom heile året og er eit viktig avbøtande tiltak.

Fylkesmannen vurderer elles at prosjektet kan akseptierast i høve til lakse- og innlandsfiskeleva og ureiningslova. Andre generelle krav til ev. konsesjon:

- inntaket vert gjort minst mogleg synlege med for eksempel forblending
- kantvegetasjon langs vassdraga må takast vare på
- tiltaka vert gjennomført så skånsamt som mogleg med god terrengtilpassing og istandsetting så fort som råd

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i fylkesutvalsmøte den 01.09.2011 vedtatt at dei støttar utbygging av Leknesvatn kraftverk under føresetnad av at vassvegen blir bora forbi Eitrefossen. Vidare må det etablerast vegtilkomst til boresjakt ved Eitrefossen.

Fylkesrådmannen viser til at tiltaksområdet er ein del av eit regionalt viktig friluftsområde, med få menneskapt inngrep. I framlegg til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (fylkeskommunen sin vasskraftplan), har slike område fått 2. prioritet. Ertefossen har, som viktig landskapselement, 3. prioritet i vasskraftplanen.

Av omsyn til landskap og friluftsliv meiner fylkesrådmannen at prosjektet ikkje bør realiserast basert på framlagde planar. I tillegg til at vassføringa i Ertefossen blir strekt redusert, vil inngrepa oppover lia til Leknesvatna bli for store når det skal byggast veg og leggst rørgate i ope fjellterreng utan lausmassar for nedgraving. Tiltaket, som omsøkt, er i konflikt med både nasjonale retningslinjer og framlegget til vasskraftplan.

Fylkesrådmannen legg til grunn at Askvoll kommune sitt standpunkt til søknaden må føre til at det vil bli lagt fram reviderte planar for utbygging. Fylkesrådmannen peikar på at det vil vere viktig å unngå vegbygging/rørgate i grunnlendt, ope og svært eksponert fjellandskap. Til arbeidet med å utforme ev. alternative løysingar vil fylkesrådmannen peike på desse skissene:

- Flytte inntaket nedstrøms Ertefossen, for eksempel til ca. kote 350. Vegtilkomst opp til dette nivået.
- Utbygging basert på fjellboring med utgangspunkt i lia nedstrøms Ertefossen opp til inntak i Nedre Leknesvatn. Vegtilkomst opp til nedre tunnelpåhogg. Minstevassføring frå Nedre Leknesvatn slik at pollane og fossane nedstrøms framleis kan framstå som viktige landskapselement.

I konklusjon/tilråding frå fylkesrådmannen vert ulempene ved bygging av Leknesvatn kraftverk vurdert som så omfattande i høve til landskap og friluftsliv, at prosjektet ikkje burde realiserast.

Fylkesrådmannen seier samtidig at konklusjonen kan bli annleis, dersom det kan leggest fram alternative løysingar utan vegbygging/røyrgate i grunnlendt, ope og svært eksponert fjellandskap og som sikrar ei vassføring i pollane og fossane nedstrøms Nedre Leknesvatn.

Statens vegvesen, Region Vest viser, i brev av 23.05.2011, til at avkøyrsløse skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming. Framlegg om løysing for avkøyrsløse skal godkjennast av Statens vegvesen før den kan takast i bruk.

SFE Nett AS opplyser i brev av 30.05.2011 at det er ikkje er kapasitet i eksisterande nett før sentralnettet blir opprusta og overføringskapasiteten auka.

Sogn og Fjordane Turlag har gitt uttale i brev av 20.06.2011. Turlaget meiner at Leknesvatn kraftverk er ei svært konfliktylt utbygging, og går sterkt imot bygging av Leknesvatn kraftverk dersom inntaket skal vere i Nedre Leknesvatn. Slik prosjektet er konsesjonssøkt, med sprenging av veg- og røyrgate på ei lang strekning i heilt ope og svært idyllisk høgfjellsterreng, er den fullstendig uakseptabel. Særleg ille er passeringa av dei to store og fine lonene nedanfor Nedre Leknesvatn og den tilhøyrande nesten-tørrlegginga av dei fine fossane mellom Leknesvatnet og lonene. Turlaget fremmar forslag til tre utbyggingsløysingar i prioritert rekkefølge:

1. Vatn frå Botnaelva (kjem frå Leknesvatna) vert overført i eit nedgrave røyr til Grunnevatnet. Grunnevatn kraftverk vert utvida til å ta vatnet både frå Botnaelva og frå Grunnevatnet.
2. Det vert bygt eit eige Leknesvatn kraftverk delvis som planlagt, men inntaket vert flytta til eit stykke nedanfor Ertefossen. Toppen av dammen blir omlag på kote 355-360.
3. Det vert bygt eit eige Leknesvatn kraftverk delvis som planlagt, men inntaket vert flytta til den vestlege delen av den nedste av lagunene nedanfor Leknesvatna. For ei slik plassering av inntaket er det ein absolutt føresetnad at det vert brukt boretunnel.

Anleggsvegane sørover frå kraftstasjonen vil turlaget sterkt tilrå blir omdanna til køyresterkt terreng når anleggsarbeidet er ferdig. Det vil vere ein miljøvenleg veg som viser forholdsvis lite att i terrenget. Turlaget kjem med forslag til ein vegtrasé som viser mindre att i terrenget. Som avbøtande tiltak for friluftsliv og grunneigarar, ber turlaget om at det vert stilt krav om at det blir etablert parkeringsplass på ein høveleg stad i nærleiken av kraftstasjonen.

Tilleggsfråsegn

Turlaget har og gitt ei tilleggsfråsegn, etter sluttsynfaring, i brev av 16.09.2011. I tilleggsfråsegna viser turlaget til at den øvre delen av utbyggingsområdet, med Leknesvatna og lagunene nedanfor og fossane mellom dei, framstår som eit så å seie fullstendig urørt område som det er knytt store opplevingsverdiar til. Turlaget meiner det er overmåte viktig at det ikkje blir nye inngrep i dette området. Turlaget meiner at eventuelle nye inngrep bør avgrensast til området som ligg lågare i terrenget, det vil seie nedanfor Eitrefossen. Turlaget kjem og med ein del tilleggskommentarar til dei ulike utbyggingsforslaga som vart satt fram i den første uttalen av 20.06.2011.

Norges Småkraftverk AS har i brev av 31.05.2011 saman med grunneigarar komme med uttale i saka. Dei meiner at SFE ikkje eig fallrettane til Fesselva/Botnaelva, men at rettane ligg hos grunneigarane. Norges Småkraftverk ynskjer å utnytte fallet i Trolleelva og Fesselva/Botnaelva frå kote 360 til kote 160. Planen er å nytte fallet i desse to elvane med ein felles kraftstasjon nær utløpet av Trolleelva.

Gunnar Osland som er grunneigar uttalar i brev datert 25.05.2011 at vegane må vere av ein slik karakter etter at utbygginga er avslutta at grunneigarane kan bruke dei som traktorvegar. Gunnar Osland meiner at utbygginga av Leknesvatnet kraftverk vil ha liten eller ingen negative konsekvensar for han som grunneigar.

Søklar sine kommentarar til høyringsuttalane

Søklar har i brev av 01.09.2011 kommentert dei innkomne høyringsuttalane slik:

"Kommentarar til fråsegner frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (heretter forkorta FMSF)

Landskap og friluftsliv:

1)

Når det kjem til detaljplanlegging av veg og røyrgate, vil tiltakshavar sjå på alternativ framføring av desse for å unngå framføringar som er uheldige for landskap og friluftsliv. Detaljplanar skal godkjennast av NVE.

2)

Tiltakshavar vil legge til rette for parkering ved å etablere ein parkeringsplass ved den samlokaliserte kraftstasjonen Grunnevatn/Leknesvatn.

4) FMSF uttrykkjer at konflikten i hovudsak er knytt til landskap i øvre del av tiltaksområdet og peikar spesielt på den planlagde vegtraseen og røyrgate frå under Eitrefossen til planlagd inntaksdam.

Då fleire sentrale uttaler går sterkt mot veg frå Eitrefossen til Nedre Leknesvatn, vel tiltakshavar å bore sjakt/drive tunnel frå under foten av Eitrefossen, slik som alternativet i figur 7 på side 12 i konsesjonssøknaden syner. Kvar påhogg for tunnel og ende for vegtrase vil ligge kjem ein attende til i detaljplanane. Det kan vere aktuelt å starte tunnel heilt ned mot kote 300, på sørsida av Lekneselva.

Minstevassføring:

5) FMSF ber NVE om å vurdere behovet for å fastsette/endre manøvreringsreglement for Bjønnastivatnet og, ønskjer ei minstevassføring sett til 5-persentil for heile nedbørsfeltet.

SFE Produksjon AS har reguleringskonsesjon for Bjønnastivatnet.

I manøvreringsreglementet heiter det:

"Det skal ved manøvreringa has for øye at vassdragets tidlige flomvassføring så vidt mulig ikkje forøkes. Heller ikke må lavvassføringen i Lekneselva forminskes til skade for andres rettigheter. For øvrig foregår vannslippingen etter Ytre Fjordane Kraftlags behov."

Det er med andre ord ikkje krav om minstevassføring i elva nedstraums magasinet (Lekneselva). Det er slik tiltakshavar ser det ikkje anledning til å pålegge regulanten slepp av vatn frå Bjønnastivatnet i henhold til gjeldande konsesjon. Eit eventuelt krav om minstevassføring i Lekneselva nedstraums Nedre Leknesvatn må difor ta utgangspunkt i lokalfeltet nedstraums Bjønnastivatnet. Eit endra "reguleringsregime" i Bjønnastivatnet som følgje av prosjektet vil medføre at vatnet vert tappa jamnare om vinteren, noko som er positivt for miljøet.

Rapport om biologisk mangfold indikerar ikkje behov for minstevassføring av biologiske omsyn. Tiltakshavar meiner difor at alminneleg lågvassføring bør leggest til grunn, og at det bør gjerast forskjell på sumar og vinterperioden som omsøkt.

Kommentarar til fråsegner frå Askvoll kommune (heretter forkorta AK):

Generelt:

6) *AK syner til at dei omsøkte tiltaka ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel.*

Tiltakshavar vil påpeike at ingen av våre reguleringsanlegg i Skorven viser att i dei kommunale arealplanane. Heilt frå slutten på 1930-talet har området vore i bruk til vasskraftproduksjon. Området er i dei kommunale planane gjennomgåande definert som LNF-område.

7) *AK peikar på at vegar høgt til fjells ofte verkar negativt inn på friluftslivet, og at mykje vegar gjer området mindre attraktivt som turområde. Kommunen meiner inngrepa i samband med vegen til Nedre Leknesvatn er negativ, og at det ikkje må anleggast veg langs elva av omsyn til opplevings- og friluftsverdien i området.*

Tiltakshavar viser til at søknaden for Stordalsvatn kraftverk er trekt tilbake. Det inneber at det ikkje vert veg langs Grunnevatnet. Når det gjeld vegen opp til Nedre Leknesvatn, syner vi til svaret i punkt 4 over. Tiltaket er i tråd med vedtak i Askvoll kommunestyre.

8) *AK stiller seg tvilande til at vegane vert reelt tilgjengelege for brukargrupper som eldre folk, born og personar med funksjonshemmingar og vurderer framføring av veg inn til kraftstasjonane negativt for friluftslivet.*

Tiltakshavar vil framleis påstå at bygging av vegar inn i området vil gjere området tilgjengeleg for nye brukargrupper. Gjennom opparbeiding av sikker tilkomst til kraftstasjonane og parkeringsplass der vil vegen til Grunnevatnet vere overkomeleg for fleire av dei nemnde brukargruppene. Det kan til dømes opne for tilrettelagt fiske i vatnet, noko FMSF legg vekt på den positive verdien av i si høyringsfråsegn. Også Turlaget peikar i si høyringsfråsegn på verdien av lettare tilkomst til Grunnevatn og parkering ved kraftstasjonane.

9) *AK peikar på at bygging av veg til ny Grunnevatn kraftstasjon vil lette tilkomsten over dammen på Markavatnet, og at dei ikkje kjenner til at det er problem knytt til overløp og tilkomst for friluftsfolk.*

Tiltakshavar vil poengtere at det eksisterar ein reell fare ved å ferdast over dammen på Markavatnet slik denne no er. Overløp skjer normalt fleire gonger for året, og tiltakshavar er ansvarleg for å vurdere og eventuelt sikre 3. person i forhold til moglege farar.

10) *AK ønskjer at det vert lagt tilrette for betre parkering langs vegen inn til kraftstasjonane ved Markavatnet, som kompensasjon for dei ulempe til taktet har for friluftsliv.*

Tiltakshavar syner til svaret i punkt 2, 8 og 9.

11) *Tiltakshavar har planar om etablering av ny veg frå fylkesvegen inn til Markavatnet uavhengig av søknaden om dei tre kraftverka, på grunn av naudsynt rehabilitering av dammen i Markavatn.*

Tiltakshavar er pålagt av NVE å utføre forsterking av dam Markavatnet. Det naturlege vil vere å føre fram veg til dammen som skissert i konsesjonssøknadane. Vert det gjeve konsesjon vil tilkomstveg til kraftstasjonane inngå i denne og detaljplanar skal godkjennast av NVE. Skulle det syne seg naudsynt med forsterking av dammen før ein eventuell konsesjon føreligg, eventuelt at det ikkje vert gjeve konsesjon, vil bygginga av veg frå Fv. 367 til dam Markavatn verte fremja som regulerings sak i tråd med krav frå AK.

Kommentarar til fråsegner frå Sogn og Fjordane Turlag (heretter forkorta Turlaget):

Leknesvatn kraftverk:

14) Turlaget aksepterar ikkje veg opp til inntaket ved Nedre Leknesvatn.

Tiltakshavar viser til svar gjeve i punkt 4.

15) For Leknesvatn kraftverk ønskjer Turlaget att det skal takast utgangspunkt i alminneleg lågvassføring og 5-persentilar for total feltet ikkje berre for det uregulerte restvassfeltet nedanfor Bjønnastivatnet osv...

Tiltakshavar viser til svar gjeve i punkt 5.

16) Turlaget visar til OED sine retningsliner om utbygging i sårbart høgfjellsmiljø og skuldar tiltakshavar for å ha manglande kunnskap om desse. Dette går mellom anna på at Turlaget ønskjer at tiltakshavar må vurdere andre alternative utbyggingsløyser i sårbart høgfjellsmiljø.

Tiltakshavar viser til svar gjeve i punkt 4 - alternativ utbygging av Leknesvatn kraftverk.

17) Turlaget påpeikar at det er misleghald mellom BM-rapport og omsøkt alternativ for Leknesvatn kraftverk.

Tiltakshavar forstår innspelet, men vil påpeike at endringa som framgår av punkt 4 ikkje lenger er i konflikt med utført BM-kartlegging.

Felles for Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk:

18) Forholdet til offentlege planar: Turlaget synest det er trist å konstatere at utbyggaren (...) prøver feilinformere NVE om dei friluftsiinteressene som er dokumenter i Fylkesdelplanen.

Tiltakshavar har nytta NVE sin mal for utarbeiding av konsesjonssøknad for småkraftverk. Her skal eit eige punkt om forholdet til offentlege planar dokumenterast. I ettertid ser tiltakshavar det er uheldig at fylkesdelplanen for friluftsliv ikkje er kommentert i dei tre søknadane. Vi er klar over at ein i Fylkesatlas for Sogn og Fjordane (www.fylkesatlas.no) enkelt kan få fram kva areal som har interesse som friluftsområde og kva slags verdi dei er tillagt i fylkesdelplanen. For komande søknadar vil vi kvalitetssikre dokumenta våre og omtale offentlege planar som dette. Tiltakshavar tek sjølvkritikk på dette punktet og det var ikkje eit forsøk på å "konsekvent feilinformere" NVE.

Kommentarar til fråsegner frå Statens Vegvesen Region Vest (heretter forkorta Vegvesenet):

19) Vegvesenet viser til at avkøyrslø frå Fv.367 skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar...

Tiltakshavar kjenner til krav som gjeld for etablering av avkøyrslø frå fylkesvegar, og vil kontakte Vegvesenet før detaljplanlegging tek til.

Kommentarar til fråsegner frå SFE Nett AS (heretter forkorta Netteigar):

20) Netteigar påpeikar at det ikkje er kapasitet i nettet før utbygging av nytt stamnett gjennom Sogn og Fjordane har funne stad. Dei greier også ut for korleis kraftverka kan kopløst til lokalnettet samt at utbyggjar må pårekne anleggstilskot.

Tiltakshavar er innforstått med at kraftverka ikkje kan kopløst til nettet før kapasiteten i sentralnettet i Sogn og Fjordane er auka. Ein er vidare kjend med reglane som gjeld for tilkopling av kraftverka til nettet og situasjonen i nettet lokalt.

Kommentarar til fråsegner frå Gunnar Osland (heretter forkorta Osland):

Vegar

21) Osland ynskjer at tilkomstvegar til inntak må kunne køyrast med traktor etter utbygging.

Det er også i tiltakshavar si interesse å ha tilkomst til inntaka etter utbygging. Vegane vil ha enkel standard og vil verte vedlikehalden etter utbyggjar sitt behov. Vegane vil vere stengde med bom ved kraftstasjonane.

22) Osland påpeikar feil namnebruk på Siristien.

Tiltakshavar erkjenner manglande lokalkunnskap når det gjeld Siristien og beklagar dersom dette har ført til misstydingar i utgreiinga gjort i konsesjonssøknadane.

Vassnivå Markavatnet

23) Osland påpeikar meir stabilt vassnivå i Markavatnet som følgje av utbygginga av Leknesvatn kraftverk.

Bjønnavatnet vart regulert på slutten av 1950-talet og tapping frå magasinet skjer til ulike tider av året, men med ei hovudvekt på rask tømning (oppfylling av Markavatnet) vinterstid. Med utbygginga av Leknesvatn kraftverk vil tappinga verte tilpassa lokalt tilsig og vil soleis måtte skje over ein mykje lengre periode enn i dag. Ein positiv effekt av dette er jammare tilsig til Markavatnet.

Kommentarar til fråsegner frå Norges Småkraftverk AS (heretter forkorta NSK):

24) Norges småkraftverk (NSK) meiner at SFE Produksjon AS ikkje eig fallrettane i Skorvenvassdraget.

Selskapet skriv i konklusjonen i uttala si at:

"Ut i frå NSK og grunneierne sin kjennskap til historien i denne saken, mener vi at SFE ikke eier fallrettene til Trollelva og Fesselva/Botnaelva i Skorvenvassdraget."

Grunngjevinga til NSK er:

"Bakgrunnen for det er at SFE ikke har oppfylt bestemmelsene om kompensasjon i avtalen med grunneierne."

NSK omtalar både Trollelva og Fesseelva/Botnaelva. I høve til det konsesjonssøkte, er berre Fesseelva/Botnaelva relevant. Tiltakshavar viser til innhaldet i vedlegg 3 til høyringsfråsegna frå NSK - brev frå advokat Arne Gjeraker av 27.6.2006.

Av innhaldet i brevet frå NSK legg me til grunn at alle er samde om at det ligg føre avtalar mellom noverande rettshavar SFE Produksjon AS og grunneigarane om erverv av alle rettar knytt til tidligare Fesseelva. Avtalane er tinglyste og gjeldande. Det som grunneigarane har teke opp og no påstår, at deler av avtala betaling ikkje vart utbetalt, var for mellom 60 og 75 år sidan.

Det som er tvillaust er at avtalane gjeld, og at grunneigarane har fått, og kontinuerlig får, frikraft i samsvar med avtalane. Detaljert dokumentasjon på dette kan framleggast. Begge partar har såleis - gjennom levering og mottak av frikraft - kontinuerlig innretta seg slik at avtalane gjeld.

Påstanden om manglande oppgjør for den kontante betaling var fyrste gong kjent for Ytre Fjordane Kraftlag (rettsforgjengaren til SFE) i 1969 då dette var sagt i samband med eit skjønn til fastsetting av erstatning for regulering av Øyravatnet/Skorvenvatnet. I rettsboka vart protokollert at påstanden vart sett fram og at partane var samde om at det ikkje vedkom det aktuelle skjønnet. Påstanden var ikkje fylgt opp frå grunneigarane - heller ikkje rettsleg - og vart først sett fram att om lag 40 år seinare, i 2005.

Det faktum at det i dag ikkje kan finnast dokumentasjon på utbetalingane kan ikkje utleiast til at betaling ikkje har skjedd. I denne situasjonen må det leggjast til grunn - og ut frå den lange tida som har gått - at utbetaling har skjedd.

Under alle omstende er spørsmålet om manglande oppgjør i samsvar med avtalar noko som grunneigarane eventuelt må fremja rettsleg overfor dagens rettshavar. Det heile er eit privatrettsleg forhold.

Konklusjon

Konsesjonssøkar SFE Produksjon AS har alle naudsynte privatrettslege avtalar for eventuell utbygging av Leknesvatn kraftverk i samsvar med konsesjonssøknaden.

Kommentarar til fråsegner frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune (heretter forkorta SFFK):

Kulturminne og kulturmiljø:

25) SFFK påpeikar at det ikkje føreligg nokon oversikt over automatisk freda kulturminne som eventuelt vert råka av utbyggingsplanane og meiner at tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast.

Tiltakshavar har i konsesjonssøknaden gjort greie for dei undersøkingar som tidlegare er gjort i området, samt påpeika dei kulturminna som eksisterer i influensområdet. Skulle utbygginga avdekke til no ukjende kulturminne vil tiltaka justerast slik at desse kan takast vare på.

26) SFFK skriv at fossen i Botnaelva er eit godt synleg og viktig element i landskapet.

Tiltakshavar vil påpeike at Botnaelva er det lokale namnet på den regulerte elva nedstraums Ertefossen. Sjølve Ertefossen er godt synleg ved stor vassføring, men det same kan ikkje seiast om Botnaelva.

27) SFFK påpeikar at bygginga av veg til inntaka vil kome i konflikt med Siristien.

Tiltakshavar viser til svar i punkt 1.

Friluftsliv:

28) SFFK viser til framlegg til "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging" der regionalt viktig friluftsområde har fått 2.prioritet. Det vert også vist til at Ertefossen er peika på som eit viktig landskapselement og at friluftsområdet sin verdi ikkje let seg oppretthalde ved utbygging etter omsøkt alternativ for Leknesvatn kraftverk.

Tiltakshavar vil påpeike at "Regionalplan med tema knytt til vasskraftutbygging" ikkje er vedteken av fylkestinget. I planutkastet som var ute på høyring i 2010 var ikkje Ertefossen peika på som viktig landskapselement. Dette ville i så fall vorte kommentert av tiltakshavar, spesielt sidan det av planutkastet framgår at vassføringa i Ertefossen er naturleg. Vassføringa til Ertefossen har vore regulert sidan 1959 og har store delar av året berre tilsig frå feltet nedstraums Bjønnastivatnet. Tiltakshavar viser også til kommentar i punkt 5 vedrørande tapping frå Bjønnastivatnet. Vedrørande området sin verdi for friluftsliv vil tiltakshavar vise til endring slik det framgår av punkt 4.

Landskap

29) SFFK viser til framlegg til "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging" der Ertefossen som viktig landskapselement har fått 3. prioritet. Det vert også vist til den uheldige konsekvensen av å føre fram veg/røyrgate over ca. kote350.

Tiltakshavar vil vise til svar gjeve i punkt 28 vedrørande Ertefossen sin status som viktig landskapselement. Vedrørande framføring av veg/røyrgate fram til inntak i Nedre Leknesvatn viser tiltakshavar til endring slik det går fram av punkt 4.

Samla vurdering

30) SFFK meiner det ikkje kan tilrådest konsesjon til Leknesvatn kraftverk som omsøkt på grunn av konflikt med nasjonale retningslinjer og framlegg til vasskraftplan. Det vert peikt på at ein bør unngå veg/røyrgate i grunnlendt, ope og eksponert fjellandskap og foreslår to ulike alternative utbyggingsløyser for Leknesvatn kraftverk.

Tiltakshavar viser til svar i punkt 4 vedrørande alternativ utbygging av Leknesvatn kraftverk. Den skisserte løysinga er i tråd med ei av skissene til SFFK.

Kommentarar til tilleggsfråsegna frå Sogn og Fjordane Turlag (heretter forkorta Turlaget):

Generelt:

Under synfaringa kunne vi tydeleg sjå at slitasjen på stien er ganske stor, noko som indikerer mykje bruk.

Tiltakshavar vil påpeike at bruken av stien har teke seg mykje opp siste åra. Det vart også påpeika av grunneigar under sluttsynfaringa at stien for få år sidan var bortimot

usynleg. Tiltakshavar har vore i kontakt med representant for Nordre Askvoll Helselag. Det vert bekrefta at dei har teke området i bruk siste åra, og dei ser positivt på at det kjem veg inn i området for å lette tilkomsten. At vassdraget vert vidare utnytta til kraftproduksjon har mindre betydning, noko deira bruk av mellom anna anleggsvegen til Botnastølsvatnet (utbygt utan krav om minstevassføring) understrekar. Helselaget formidla samstundes sin frustrasjon over Turlaget som i si tid gjekk inn for å føre den planlagde 132 kV-linja frå Nedre Markevatn til Ringstad gjennom Flokenesmarka, som er det området dei mest nyttar til rekreasjon.

2) *Vi har fått opplyst at wirene (...) langs elva og i hammaren ved sida av Eitrefossen truleg vart oppsett først i 1980-åra...*

Tiltakshavar har frå driftspersonell ved våre kraftstasjonar i området fått bekrefta at wirane vart montert for å lette tilkomsten til Bjønnastivatnet for regulering av luka. Vår aktivitet i området har soleis også tidlegare tilrettelagt for lettare tilkomst. Tiltakshavar ser positivt på denne effekten, men vil samstundes påpeike faren for 3. person ved raskt aukande vassføring i elva som fylgje av tapping frå Bjønnastivatnet.

3) *...den øvre delen av utbyggingsområdet, med Leknesvatna med lagunene nedanfor og fossane mellom dei, er av mange rekna som noko av det aller finaste Askvoll kommune har å by på av natur/vassdragsnatur.*

Tiltakshavar vil påpeike at det tilstøytande Fossedalsvassdraget er uregulert og soleis har ein mykje større verdi som vassdragsnatur enn denne delen av Skorvenvassdraget. Gjennom å trekke konsesjonssøknaden for Stordalsvatn kraftverk vil også Stordalsfossen renne som før. Synfaringsdagen var det mykje nedbør, og dagen var ikkje representativ for ei normal tuoppleving langs vassdraget. Som tidlegare gjort greie for er vassdraget relativt raskt, slik at elvane fort vert små ved lite nedbør. Gjennom minstevassføring frå Nedre Leknesvatn vil ein sikre vassføring gjennom heile året.

Leknesvatn kraftverk:

Om Turlaget sitt framlegg 2: Viss dette framlegget skulle vere aktuelt, er det mogleg at ein kan ha inntaket litt høgre oppe enn det vi skreiv i den første fråsegna, anslagsvis på kote 380-385(...). Viss eit slikt alternativ skulle bli valt, er det sterkt ønskjeleg at den øvste delen av anleggsvegen (...) vert fjerna fullstendig.

Tiltakshavar vil påpeike at dersom eit inntak skal flyttast nedstraums Ertefossen så må ein utforme dette slik at ein får eit visst magasinivolum. Aktuell stad verkar til å vere om lag på kote 360. Vedrørande tilkomst til inntaket er det avgjerande viktig at denne kan skje på permanent veg sidan inntak i elv vil krevje hyppig reinsk av rist.

5) *Om Turlaget sitt framlegg 3: Dette er ei løysing vi ikkje ønskjer (...). Viss NVE skulle vurdere ei slik løysing (...) må det om sommaren, frå 1. mai til 30. september sleppast ei stor minstevassføring.*

Tiltakshavar har i etterkant av sluttsynfaringa, etter innspel frå Turlaget, fått krav frå NVE om utgreiing av dette alternativet. Me stiller oss undrande til denne handsaminga av konsesjonssøknaden. Vedrørande minstevassføring vil tiltakshavar påpeike at gjeven konsesjon for regulering av Bjønnastivatnet ikkje inneheld krav om minstevassføring. Ein kan soleis ikkje påleggast slepp av minstevassføring utover det feltet nedstraums Bjønnastivatnet bidreg med. Med dagens tappestrategi frå Bjønnastivatnet er tilsiget til Ertefossen i nemnde periode i eit middels år (1982)

stabilt lågt i lange periodar (10-100 liter/s over ein periode på 2,5 månad) med berre få tilfeller av vassføring over 1 m³/s, sjå konsesjonssøknad s. 24.

6) Under synfaringa opplyste SFE at høgdeskilnaden mellom Nedre Leknesvatn og den nedste av lagunene, er 30 m. Dette stemmer ikkje med kartet...

Tiltakshavar har fått utarbeida nye kart over området. Desse viser Nedre Leknesvatn med kote 444,8 og at nederste lona, toppen av Ertefossen, har kote 420,5. Dette gjev ein høgdeskilnad på 24,3 m.

7) For oss verkar det som bortkasta pengar, og bortkasta auka naturinngrep, å bore 400 m ekstra tunnel for å oppnå så lite som 23 m ekstra fallhøgde.

NVE har bede tiltakshavar om å utgreie 3 alternative plasseringar av inntak for Leknesvatn kraftverk og samanstill hovuddata for desse. Det vil av denne utgreiinga framgå kor stor verdi dei ca. 25 fallmetrane frå Ertefossen til Nedre Leknesvatn har. Eit moment som var påpeika under sluttsynfaringa er verdien av å ha inntak i eit vatn med stort areal. Sjølv om lona over Ertefossen har eit visst areal kan dette ikkje måle seg med den 20 gonger så store overflata til Nedre Leknesvatn og den dempende effekten dette har. Driftsmessig er det også ein stor fordel med inntak i Nedre Leknesvatn sidan inntaket skal byggast veglaust med di ein ikkje er like utsett for tilstopping av inntaksrista.

8) Er det undersøkt kor djupe desse lagunene er?

Djupna av lonene er ikkje undersøkt. Tiltakshavar vil ved for liten overdekning føre eit eventuelt borehol med røyr for å unngå lekkasjar.

9) Kommentar til alternativ med tunnel frå kote 290 til Nedre Leknesvatn: Er dette eit økonomisk betre alternativ ennå tape 23 høgdemeter og bore nær 400 m kortare tunnel (...). Og er det betre enn å ha inntaket på nedsida av Ertefossen, tape anslagsvis 60 høgdemeter, men sleppe unna heile tunnelboringskostnaden?

Tiltakshavar viser til kommentar gjeven i punkt 5 vedrørande alternative inntak og punkt 7 vedrørande verdien av å ha inntak i Nedre Leknesvatn. ”.

Tilleggsopplysningar og kommentarar til desse

Etter synfaring og på bakgrunn av innkomne høyringsuttalar har NVE bedt søkjar utgreie alternative løysingar for inntak for Leknesvatn kraftverk. Utgreiinga er datert 08.11.2011 og 25.01.2012. Søkjar har i tråd med innspel frå innkomne høyringsuttalar lagt fram tre alternative løysingar for inntak:

TILSIG		Inntak Nedre Leknesvatn		Inntak topp Ertefoss	Inntak fot Ertefoss
		Omsøkt	Alt. 1	Alt. 2	Alt. 3
Nedbørfelt	km ²	6,30	6,30	6,49	6,50
Årleg tilsig til inntaket	mill. m ³	23,96	23,96	24,68	24,72
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	120	120	120	120
Middelvassføring	m ³ /s	0,76	0,76	0,78	0,78
Alm. Lågvassføring totalfelt	l/s	44	44	46	46
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	58	58	61	61
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	56	56	58	58
Alm. lågvassføring uregulert	l/s	21	21	22	22

KRAFTVERK		Leknesvatn	Leknesvatn	Ertefossen	Fesseelva
Inntak	moh.	445	445	420,5	357
Avlaup	moh.	165	167	167	167
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	1500	1500	1200	1070
Brutto fallhøgd	m	280	278	253,5	190
Midlare energiekvivalent	kWh/m ³	0,664	0,647	0,589	0,439
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,8	1,8	1,8	1,8
Slukeevne, min	m ³ /s	0,18	0,09	0,09	0,09
Tilløpsrøyr, diameter	mm	900	900	900	900
Tilløpsrøyr/tunell, lengde	m	1900	810/820	810/410	1250
Installert effekt, maks	MW	4	4,22	3,76	2,75
Brukstid	timar	3850	3460	3484	3490
MAGASIN Bjørnastigsvatnet					
Magasinvolument	mill. m ³	9,2	9,2	9,2	9,2
HRV	moh.	494,9	494,9	494,9	494,9
LRV	moh.	474,9	474,9	474,9	474,9
PRODUKSJON					
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	11,4	2,8	2,5	1,9
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	4,0	11,8	10,6	7,7
Produksjon, årleg middel	GWh	15,4	14,6	13,1	9,6
ØKONOMI					
Utbyggingskostnad	mill.kr	45,0	54,3	45,5	35,9
Utbyggingspris	kr/kWh	2,92	3,72	3,47	3,74

Frå utgreiinga av alternative inntak siterer vi følgjande:

”Dei utgreia alternativa er, jamfør Sogn og Fjordane Turlag si høyringsfråsegn datert 20. juni 2011 og utført sluttsynfaring 6. september 2011,

- 1. Inntak i Nedre Leknesvatn som omsøkt, men vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen.*
- 2. Inntak på topp av Ertefossen. Vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen.*
- 3. Inntak under Ertefossen. Vassveg ført fram som røyrgate etter trase som i opphavleg søknad.*

Me gjer merksam på at både alternativ 1 og 2 er berekna med påhogg for tunnel/boring frå kote 290, slik det går fram av vedlagte oppdaterte kart. Vedrørende alternativ 3 så må ein 4 m høg inntaksdam etablerast ca. på kote 253 for å få det bassenget ein treng ved vassføringane det her er snakk om. Inntaket vil dermed få kote 357.

...

Alternativ 1 er, etter vår oppfatning, i samsvar med det Askvoll kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i sine høyringsfråsegner ser på som ei akseptabel utbygging av denne delen av vassdraget.

Når me no flyttar påhugget for tilløpstunnelen ned på kt. 290, og derved unngår inngrep med veg og røyrgate langs elva opp mot foten av Ertefossen, reduserer ein dei miljømessige inngrepa betydeleg. Sidan dette alternativet også kjem ut med best økonomi ber me difor om at det vert gjeve konsesjon for dette alternativet.”

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine merknader

Om søkjar

SFE Produksjon AS er søkjar og vil stå for bygging og drift av kraftverket. SFE Produksjon er eit heileigd dotterselskap i konsernet Sogn og Fjordane Energi AS. Sogn og Fjordane Energi er eigd av Sogn og Fjordane Fylkeskommune (47,76 %), BKK (38,51 %) og kommunane Flora, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Selje, Eid og Naustdal.

Om søknaden

SFE Produksjon AS søkjer om løyve etter vassressurslova § 8 til å byggje Leknesvatn kraftverk med tilhøyrande anlegg. Det vert vidare søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Leknesvatn kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Søknad for Leknesvatn kraftverk er ein av i alt tre konsesjonsøknader som vart fremma samstundes for kraftutbygging i Skorvenvassdraget frå SFE Produksjon AS. Eit av prosjekta, Grunnevatn kraftverk, har fått konsesjon av NVE og vil ha samlokalisert kraftstasjon med Leknes kraftverk. Det siste prosjektet, Stordalsvatn kraftverk vart også omsøkt, men er trekt av søkjar etter høyringa.

Kraftverket vil nytte eit 278 m høgt fall i Fesseelva/Botnaelva som i dag er påverka av magasinering i Bjørnastigvatnet som ligg lenger oppstraums i same nedbørfelt. Inntaket er planlagt ved utløpsosen i Nedre Leknesvatn på kote 445 og kraftstasjonen vert plassert på kote 167 ved Markavatn. Vassvegen på ca. 1900 meter var opphavleg planlagt nedgraven, men planane er endra etter høyringa, sjå nedanfor. Kraftstasjonen vil etter endringane få ein maskininstallasjon på 4,22 MW og ein årleg middelproduksjon på ca. 14,6 GWh.

Etter synfaring og på bakgrunn av innkomne høyringsuttalar har NVE bedt søkjar utgreie alternative løysingar for inntak til Leknesvatn kraftverk. Søkjar har i tråd med innspel frå innkomne høyringsuttalar lagt fram desse tre alternativa:

1. Inntak i Nedre Leknesvatn som omsøkt (kote 445), men vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Veg fram til påslag for tunnel kote 290.
2. Inntak på topp av Ertefossen (kote 420,5). Vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Veg fram til påslag for tunnel kote 290.
3. Inntak under Ertefossen ca. kote 357. Vassveg ført fram som røyrgate etter trase som i opphavleg søknad.

Tiltakshavar har, ut i frå store konflikhtar og innkomne uttalar i høyringsrunden, valt å gå bort frå løysinga med veg og nedgrave røyrgate heile vegen opp til Nedre Leknesvatn. Det vert no primært søkt om at det vert gjeve konsesjon for alternativ 1 med inntak i Nedre Leknesvatn og tunnel frå kote 290. Endringane elles går fram av tabell på side 15-16. Det vert ei litt mindre lågaste slukeevne, og kraftverket er planlagt med ein litt høgare installert effekt. Grunna litt lågare energiekvivalent vert produksjonen etter alternativ 1 på 14,6 GWh.

Søknaden er vurdert saman med same tiltakshavar sin søknad for Grunnevatn kraftverk i same vassdrag, om enn ikkje med vedtak fatta samstundes. Grunnevatn kraftverk fekk konsesjon 20.10.2011.

Skildring av området

Småkraftverket er planlagt bygd i Skorvenvassdraget/Skorvenmarka, som ligg på sørsida av Førdefjorden mellom Førde og Askvoll i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane. Høgaste fjella i feltet er Eitrenipa (856 moh) i aust og Portafjellet (779 moh) i vest. Det er fleire store vatn i feltet med dei regulerte Bjørnastigvatn, Markavatnet og Øyravatnet og dei uregulerte vatna Øvre- og Nedre

Leknesvatn (445 moh). Nærleiken til havet samt høgda på fjella bidreg til mykje nedbør, og avrenninga kan vere stor sjølv vinterstid.

Eksisterande inngrep i vassdraget

Det går fylkesveg til Skjerli ved Markavatnet og dalføret har spreidd busetnad med fleire mindre gardsbruk. Det finst ein del traktorvegar for tilkomst til skog. Både ei 22 kV- og ei 66 kV-kraftline passerar gjennom tiltaksområdet.

Skorvenvassdraget har vore utnytta til vasskraftproduksjon sidan 1930-talet. Øvre- og Nedre Markevatn kraftverk vart bygd i høvesvis 1938 og 1954.

Skorvenvassdraget er bygd ut med fleire småkraftverk og minikraftverk. Øvre Markevatn kraftverk nyttar fallet frå Markavatnet til Øyravatnet, Nedre Markevatn kraftverk nyttar fallet frå Øyravatnet til Førdefjorden og eit par minikraftverk nyttar delfelt i vassdraget. Markavatnet, Øyravatnet og Bjørnastigvatnet er regulerte i samband med utbyggingane. I tillegg er Fesseelva (drenerar Leknesvatna), og Trollelva leda inn i Markavatnet ved hjelp av to kanalar. Reguleringane medfører at fleire av elvane stort sett er turre utanom flaumperiodar.

Teknisk plan

Reguleringar

Tiltaket medfører ingen nye reguleringar, men tappestrategien for Bjørnastigvatnet vil bli noko endra. For at mest mogeleg av magasinet Bjørnastigvatnet skal kunne nyttast i Leknesvatn kraftverk, vil magasinet bli tappa med maksimalt 1,8 m³/s, noko som betyr ei forlenging av tappeperioden i forhold til dagens situasjon.

Inntak

Tiltakshavar søkjer primært om alternativ 1 med inntak i Nedre Leknesvatn.

- Alt. 1 Inntak i Nedre Leknesvatn (kote 445), men vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Inntak byggjast utan veg.
- Alt. 2 Inntak på topp av Ertefossen (kote 420,5). Vassveg ført fram ved tunnel/boring frå under Ertefossen. Inntak byggjast utan veg.
- Alt. 3 Inntak under Ertefossen ca. kote 357. Vassveg ført fram som røyrgate. Veg fram til inntak.

Ved inntaka i alt. 1 (inntak Nedre Leknesvatn) og alt. 2 (inntak topp Ertefossen) vert vassvegen ført fram til inntak ved tunnel/boring frå kote 290. Det vert i begge alternativa etablert eit mindre lukehus og ein terskel ved utløp av vatn/lagune med system for slepp av minstevassføring. Inntak for alt. 3 (inntak under Ertefossen) vert eit elveinntak med omlag 4 m høg inntaksdam. Inntaket vil bli utrusta med system for slepp av minstevassføring.

Tilløpsrøyr/tunnel

I alt. 1 (inntak Nedre Leknesvatn) og alt. 2 (inntak topp Ertefossen) vil det bli nytta 900 mm nedgrave røyrgate frå kraftstasjonen og opp til påhugg for tilløpstunnel på kote 290, strekinga er om lag 810 m. Røyrgata vil hovudsakleg fylgje vegen som er tenkt bygd fram til påhugget. Frå påhugg vert vassvegen lagt i fjell med tunnel/boring frå under Ertefossen. I alt. 1 vert streking med tunnel/boring omlag 820 m og i alt. 2 vert tunnel/boring omlag 410 m. For alt. 3 er vassvegen planlagt som 900 mm røyr i grøft heile vegen, ei streking på om lag 1250 m.

Kraftstasjon

Det er tenkt at kraftstasjonen for Leknesvatn kraftverk og Grunnevatn kraftverk skal samlokaliseras. Kraftstasjonen vert plassert i nærleiken av eksisterande dam Markavatn på ca. kote 167 med avløp direkte til Markavatnet. Kraftstasjonshuset får eit areal på 60-100 m².

Elektriske anlegg

For alt.1 med inntak i Nedre Leknesvatn er det planlagt installert ein pelton-turbin med maks effekt på 4,22 MW. For alt. 2 (inntak topp Ertefossen) og alt. 3 (inntak under Ertefossen) er maks installert effekt høvesvis 3,76 MW og 2,75 MW.

Krafta frå Leknesvatn kraftstasjon er planlagt ført fram vha. 22 kV jordkabel langs tilkomstvegen til eit koplingspunkt på 22 kV linje mellom Markavatnet og Fossedalen. Totalt vil dette medføre bygging av ca 200 m lang 22 kV jordkabel. Ingen nye luftliner er planlagt.

Vegar

Utbygginga krev bygging av nye tilkomstveggar til kraftstasjon og inntak. Det er uavhengig av utbyggingsplanane tenkt å bygge ca. 500 m ny veg frå fylkesvegen fram til dam Markavatn. Frå den planlagde kraftstasjonen er det tenkt å bygge veg av enkel standard langs røytraseen og opp til inntak/påhugg. Deler av vegen, ca. 800 m, vil vere felles veg for Leknesvatn kraftverk og Grunnevatn kraftverk. Tilkomstvegane vil ha breidde på ca. 3 m og ha toppdekke av grus. Anleggsvegen og røytraseen vil bli arrondert, eventuelt tilsådd, og levert tilbake til naturen. Etter utbygginga vil vegen til kraftstasjonen vere open for allmenn tilkomst, men veg frå kraftstasjonen og vidare oppover vil vere stengt for allmenn trafikk.

Søkjar har etter innspel frå Turlaget lagt om nedre del av vegen i høve til oppaveleg søknad slik at vegen kjem opp i skaret, like sør for planlagt kraftstasjonsplassering.

Massetak og deponi

Utbygginga inneber ikkje særleg behov for massar eller deponering av slike. Vegane vil verte prosjektert med tanke på utnytting av stadlege massar og dei vil verte tilpassa terrenget slik at det vert massebalanse innan dei ulike vegavsnitt. Eventuelt overskot av sprengt stein vil verte nytta til utfylling og planering på kraftstasjonstomta og eventuelt som berelag på vegane. Massar utover dette er tenkt tiltransportert utanfrå.

Hydrologisk grunnlag

Kraftverket vil nytte tilsiget frå den regulerte delen av Skorvenvassdraget. Det 6,3 km² store nedslagsfeltet inneheld magasinet Bjørnastigvatnet og andre vatn som er med å regulere avrenninga i vassdraget. Middelvassføring for perioden 1961-1990 er berekna til 760 l/s. I uregulert felt vil avrenninga variere frå år til år med dominerande haust- og vårflaumar. Lågaste vassføring opptrer gjerne om sommaren. 5-persentil sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 58 og 56 l/s. Alminneleg lågvassføring for totalfeltet er berekna til 44 l/s. Alminneleg lågvassføring i uregulert felt (nedstraums Bjørnastigvatnet) er berekna til 21 l/s. Maksimal slukeevne i kraftverket er planlagt til 1,8 m³/s og minste slukeevne 0,09 m³/s. Det er foreslått å sleppe ei minstevassføring på 21 l/s heile året.

Tiltaket vil ikkje innebere nytt magasin/reguleringar, men tapping av magasinet i Bjørnastigvatnet vil bli påverka. Før utbygging vert magasinet vanlegvis tømt midtvinters i løpet av 30 dagar, noko som i denne perioden fører til stor vassføring (ca. 5 m³/s) i Ertefossen. For at mest mogeleg av magasinvatnet skal kunne nyttast i Leknesvatn kraftverk, vil tappestrategien bli endra, magasinet vil bli tappa med maksimalt 1,8 m³/s, noko som betyr ei forlenging av tappeperioden og ei meir

”normalisert” avrenning rekna oppstraums kraftstasjonsinntaket. Både den regulerte og uregulerte vassføringa i Ertefossen nedstraums inntaket vil bli sterkt påverka.

På grunn av regulering av Bjørnastigvatnet vil ein utnytte det meste av tilsiget i feltet, kraftverket vil kunne nytte 97 % av tilsiget. 3 % av årstilsiget vil gå tapt, hovudsakleg som lågvassføring og minstevassføring. Ved endra tappestrategi for Bjørnastigvatnet vil det berre i sjeldne tilfeller bli tap av vatn pga. flom. I den perioden det vert magasinert vatn i Bjørnastigvatnet, vil kraftverket berre produsere på tilsiget i lokalfeltet nedstraums Bjørnastigvatnet.

Magasinet i Markavatnet er romsleg og tappinga av dette vil ikkje bli vesentlig endra på grunn av den nye tappestrategien av Bjørnastigvatnet, utbygginga vil heller ikkje føre til endring i produksjonen i kraftverka nedstraums.

Produksjon og kostnader

Søkjjar har berekna følgjande produksjon og kostnader ved dei ulike utbyggingsalternativa:

	Produksjon, GWh			Kostnader	
	Vinter	Sumar	Sum	Mill. kr	Kr/kWh
Alt. 1 Inntak i Nedre Leknesvatn	11,8	2,8	14,6	54,3	3,72
Alt. 2 Inntak topp Ertefossen	10,6	2,5	13,1	45,5	3,47
Alt. 3 Inntak i Fesseelva	7,7	1,9	9,6	35,9	3,74

Arealbruk og eigedomsforhold

Søkjjar har berekna følgjande arealbruk:

	Mellombels arealbehov (da)	Permanent arealbehov (da)	Type/beskriving
Inntaksområde	1	0,5	Snaufjell
Vegar og røyrgrater *	20	12	Skogsmark/snaufjell
Kraftstasjonsområde	3	2	Skogsmark/elvekant
Nett-tilknytning	0,5	0	Skogsmark
Sum	24,5	14,5	

* tal frå opphavleg søknad med veg og røyrgrate heilt opp til Nedre Leknesvatn, mellombels og permanent arealbehov for vegar og røyrgrater vert noko mindre

Dei mellombelse anlegga (anleggsveg, riggområde, mellomlager etc.) vil bli ført attende til naturen når utbygginga er avslutta.

SFE opplyser at så langt dei veit har dei avtalefesta eller erverva rettar til dei vassfall og grunn som trengst for å gjennomføre utbygginga.

Forholdet til offentlege planar

Kommuneplan

I Askvoll kommune sin arealplan er området disponert til landbruk, natur- og friluftsområde (LNF).

Samla plan (SP)

Skorvenvassdraget er handsama i Samla Plan (SP). Handsaminga er dokumentert i Vassdragsrapport nr. 36, datert februar 2001. I Samla Plan er tre alternative utbyggingar vurdert. Den minst omfattande av desse (alternativ A) inneber utbygging av fallet mellom Leknes-/Trollevatn og Markavatn med overføring av delfelta Nipevatn og Tobbedalsvatn frå Rørvikelva. Dette alternativet er i Samla Plan plassert i kategori I, som inneber at det kan søkast om konsesjon.

Prosjekt som er administrativt plassert i Samla plan fell etter vår vurdering ikkje inn under reglane i vassressurslova § 22 om at NVE ikkje kan gje løyve til prosjekt som er plassert i Samla plan, då desse prosjekta berre er gitt fritak frå SP og ikkje handsama i Stortinget. Samstundes vil vi peike på at ei utbygging slik som omsøkt ikkje vil røre ved framtidige mogelegheiter til å regulere vatna, overføre dei aktuelle delfelta eller bygge ut fallet frå Trollevatnet til Markavatnet.

Verneplan for vassdrag

Det føreligg ingen verneplanar for Skorvenvassdraget.

Inngrepsfrie område (INON)

Sidan Bjørnastigvatnet er regulert vert reduksjonen i inngrepsfrie naturområde liten. Tiltaket vil redusere INON sone 2 med ca 0,1 km².

Nasjonale laksevassdrag

Vassdraget har ikkje status som nasjonalt laksevassdrag. Skorvenvassdraget har utløp like innanfor vernegrensa i den nasjonale laksefjorden Førdefjorden. Tiltaket vil ikkje endre driftsmønsteret ved Nedre Markevatn kraftstasjon som vassdraget har utløp gjennom.

Fylkesdelplan for arealbruk

Tiltaksområdet ligg innafor grensene til eit regionalt viktig friluftsområde (område nr. 47: Helleberget-Blegja- Fossedalen).

Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging

Fylkeskommunen har utarbeidd utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging. Planen låg ute på høyring med frist i sept. 2010. Eit revidert planframlegg låg føre i mars 2011 og vart lagt fram for politisk behandling. Behandlinga vart utsett i eit møte 23.03. 2011 samtidig som det vart bedt om nærare utdjuving av nokre spørsmål.

I det reviderte planutkastet er Ertefossen med i ei liste over 12 fossar/stryk som er/har vore viktige landskapselement i delområdet Dalsfjorden. I planutkastet er vassføringa til Ertefossen omtalt som naturleg, noko som ikkje er heilt korrekt, jf. tapperutiner frå Bjørnastigvatn.

Verknader av tiltaket - fordelar og skader/ulempar

Nedanfor har vi gjeve ei oversikt over kva NVE ser som dei viktigaste fordelane og skadane/ulempene ved den planlagde utbygginga:

Fordelar

- Utbygginga vil gi lokal aktivitet og verdiskaping i anleggsperioden og inntekter til utbyggjar og Askvoll kommune.
- Prosjektet vil gi ca. 9,6 – 14,6 GWh i årleg fornybar energiproduksjon.

Ulemper

- Det visuelle inntrykket av området vil bli forringa i stor grad som følge av sterkt redusert vassføring i Botnaelva/Fesseelva med Ertefossen og dei mindre fossane og lagunene nedstrøms Nedre Leknesvatn.
- Tiltaket, med framføring av anleggsveg og røyrgate vil ha negative konsekvensar for landskap og friluftsliv i eit attraktivt turområde.

NVEs vurdering

Høyringsuttalane er gitt med utgangspunkt i det opphavlege alternativet med nedgrave røyrgate og veg heilt opp til inntak ved utløpet av Nedre Leknesvatnet. Vi har tatt omsyn til dette i vurderingane nedanfor. Endringane i forslag til alternative inntak er i tråd med innspel frå innkomne høyringsuttalar og sluttsynfaring. NVE har difor ikkje funne det naudsynt å sende framlegg til alternative inntaksløysingane på ny høyring.

Det er også tatt omsyn til konsesjonssøknaden for Grunnevatn kraftverk frå same søkjar i det same vassdraget. Denne søknaden har også vore på høyring til same tid og med samtidig handsaming. Normalt vert vedtak fatta samtidig i slike tilfeller, men då NVE trengte noko meir informasjon før Leknesvatn kraftverk kunne slutthandsamast vart Grunnevatn kraftverk handsama først. NVE gav SFE Produksjon AS løyve til bygging av Grunnevatn kraftverk 20. oktober 2011. NVE har på bakgrunn av høyringsuttalar funne det forsvarleg å slutthandsame sakene til ulik tid. Vi har likevel merka oss dei innspel og problemstillingar som er tatt opp i høyringa av Grunnevatn kraftverk.

Hydrologiske verknader av utbygginga

Verknaden av utbygginga vil vere sterkt redusert vassføring i Ertefossen og Botnaelva/Fesseelva på strekninga ned til utløp i Markavatn. Elvestrekningane og vatna mellom Bjørnastigvatnet og inntak vil få endra vassføring/vasstand på grunn av endra tappestrategi frå Bjørnastigvatnet. Utanom lokaltilsiget, mellom Bjørnastigvatnet og inntak, vil kraftverket køyre på magasinvatn frå Bjørnastigvatnet. Køyring av kraftverket vil skje utan noko form for effektkøyring, regulering eller utjamning. Som avbøtande tiltak er det planlagt å sleppe ei minstevassføring forbi inntaket på 21 l/s heile året. Tilsiget frå restfeltet vil i gjennomsnitt bidra med 43-60 l/s ved utløp av Botnaelva i Markavatnet, avhengig av kva alternativ for inntak som vert valt.

Regulering av Bjørnastigvatnet og endra tappestrategi gjer til at det meste av tilsiget i feltet vert utnytta. Kraftverket vil kunne nytte 97 % av tilsiget og 3 % av årstilsiget vil gå tapt, hovudsakleg som lågvassføring og minstevassføring. Ved endra tappestrategi for Bjørnastigvatnet vil det berre i sjeldne tilfeller bli tap av vatn pga. overlaup/flaum. I eit middels nedbørsrikt år er det berekna at det vil vere overløp i fem dagar. NVE meiner at den omsøkte utnyttinga er svært høg og vil heilt ta bort den naturlege vassføringsdynamikken på planlagd utbygd strekning. Opplevinga av vassdragslandskapet kring lagunene nedstrøms Leknesvatna, Ertefossen og Botnaelva/Fesseelva vil bli sterkt redusert.

Landskap og friluftsliv

Det er i forhold til dette temaet at det omsøkte prosjektet er mest konfliktylt. Fylkeskommunen opplyser at tiltaksområdet ligg innafor grensene til eit regionalt viktig friluftsområde, område nr. 47 i fylkesatlas: Helleberget - Blegja - Fossedalen. I dette området er det få menneskeskapte inngrep, noko som i siste utkast til Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging gir området 2. prioritet. FK opplyser at dette signaliserer ei interesse av svært stor verdi og der føresetnad for positiv tilråding skal vere at søknadsmaterialet kan dokumentere stor verdiskaping og/eller at verdien til aktuelle arealinteresser kan oppretthaldast etter utbygging.

Sogn og Fjordane Turlag viser til at området har svært stor verdi som friluftsområde og at heile turområdet som utbyggingsområdet er ein del av, byr på store tur- og naturopplevingar. Dei dreg spesielt fram den varierte vassdragsnaturen som viktig for naturopplevinga. Turlaget skriv at turstien frå Markevatnet til Nipebu er ein av dei aller viktigaste og mest brukte turstiane i den vestlege delen av dette regionalt viktige turområdet. Det går og ein sti langs Botnaelva/Fesseelva opp til Leknesvatna. Denne stien er relativt mykje brukt og passerer like ved Ertefossen. Askvoll kommune opplyser at Askvoll og Holmedal idrettslag kvart år arrangerer fjelltrim med postar på ulike fjelltoppar, mellom anna Eitrenipa med tilkomst frå Markavatnet via Leknesvatna. Askvoll kommune viser til at store delar av kommunen sitt fastland er prega av ulike utbyggingar i vassdraga. Av dei høgareliggande fjellområda er det berre platåa med Leknesvatna og Storedalsvatnet/Longevatnet med Nipebu som er urørt igjen i kommunen. Kommunen meiner at vidare kraftutbygging bør føregå i område som allereie er påverka av kraftutbygging eller i lågareliggande område som ikkje er så mykje brukt til friluftsliv. Etter kommunen si vurdering er dei høgareliggande områda i konsesjonssøknadene så verdifulle for lokalbefolkninga at vassressursane her ikkje bør byggjast ut.

På den planlagt utbygde strekninga er det spesielt øvre del med Ertefossen og lagunene nedstraums Leknesvatnet som utgjer viktige landskapselement. Dei fleste av høyringspartane peikar på at redusert vassføring i Ertefossen vil ha negativ konsekvens for landskapsbiletet. Ertefossen er eit godt synleg fossefall frå blant anna vegen inn til Skjerlia og frå turrutene til Nipebu og Leknesvatna. Dei to mindre fossane ved lonene nedstraums Nedre Leknesvatn er fine fossar som er viktige landskapselement for dei som går tur i området ovanfor Ertefossen. Fylkeskommunen opplyser at i regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging er Ertefossen med i ei liste over fossar/stryk som er/har vore viktige landskapselement i delområde Dalsfjorden.

Vassføringa i Ertefossen, og på strekninga nedstraums Nedre Leknesvatn, er i dag påverka av at Bjørnastigvatnet er regulert. Vatnet frå dette magasinet vert slept ned til Øvre Markavatn i løpet av ca. ein månad om vinteren. Vassføringa i elva er difor kunstig stor i ein periode om vinteren. For at mest mogeleg av magasinvatnet skal kunne nyttast i eit nytt kraftverk, vil tappestrategien bli endra og tilpassa eit nytt kraftverk. Magasinet vil bli tappa jamnare og ha mindre variasjon enn i dag, men Bjørnastigvatnet vil framleis hovudsakleg tappast om vinteren.

Delfelt Bjørnastigvatnet er 3,64 km² og utgjer over halvparten av det totale nedbørfeltet på 6,3 – 6,5 km² (avhengig av utbyggingsalternativ). Delfeltet nedstraums Bjørnastigvatnet gjer til at Ertefossen og Botnaelva/Fesseelva framleis har noko av den naturlege avrenningsdynamikken med variasjon i vassføring. Øvre del av nedslagsfeltet har lite lausmassar og mykje bart fjell i dagen. Det tynne laget med lausmassar gjer at elva her har eit raskt avløp med raske svingingar i vasstand. Ved tørke kan delar av elva og Ertefossen opplevast som nærast tørr. I flaumperiodar og når Bjørnastigvatnet vert tømt utgjer Ertefossen eit markert landskapselement.

Basert på det hydrologiske grunnlaget som følgjer søknaden er det NVE si vurdering at landskapsverdien knytt til vassdraget vil bli sterkt påverka. Regulering av Bjørnastigvatnet og høg slukeevne i kraftverket (ca. 237 % av middelvassføring) gjer til at det meste av tilsiget i feltet vert utnytta. Kraftverket er planlagt å nytte heile 97 % av tilsiget til kraftproduksjon. Tilsiget som ikkje vert nytta til kraftproduksjon vil hovudsakleg vere lågvassføring og slepp av minstevassføring. Det vil berre i sjeldne tilfelle bli tap av vatn pga. overlaup/flaum. Det vil sei at opplevinga av Ertefossen og vassdragslandskapet ved lagunene vil vere sterkt knytt opp til opplevinga av minstevassføring på denne strekninga.

Ei utbygging med sterkt redusert vassføring i Ertefossen, og fossane ved lagunene, vil gi negative konsekvensar for landskap og friluftsliv. Fleire av høyringspartane peikar på at ei eventuell utbygging bør freiste å ta vare på Ertefossen og fossane ved lagunene som landskapselement. Ei utbygging etter alternativ 2, med inntak ovanfor Ertefossen, vil ta vare på fossane og området ved lagunene. Produksjonen vil bli redusert med 1,5 GWh. Ei utbygging etter alternativ 3 vil ta vare på Ertefossen

også, men ved dette alternativet vil tapt produksjon bli 5 GWh i forhold til alt 1. Ertefossen er påverka av reguleringa av Bjørnastigvatnet og har normalt forholdsvis låg vassføring i sumarhalvåret, i den tida på året då området vert mest nytta i friluftssamanheng. NVE meiner at tapt produksjon ved alternativ 3 er stor i forhold til kva gevinsten er ved å trekkje inntaket nedanfor Ertefossen. NVE meiner difor at alternativ 2 vil vere det beste utbyggingsalternativet med tanke på størst mogleg produksjon og samtidig ta vare på mest mogleg av landskapskvalitetane. Når det gjeld redusert vassføring i Ertefossen som landskapselement, meiner NVE at dette til ei viss grad kan avbøtast med slepp av større minstevassføring i sommarsesongen.

Naturinngrep ved etablering av inntak, veg og røyrgate vil påverke landskap og friluftsliv. Av dei ulike utbyggingsalternativa vil alt. 3 medføre størst inngrep knytt til inntaksdam, veg og legging av røyrgate opp til inntak på kote 357. Ved ei utbygging etter alt. 1 og alt. 2 vil det bli nedgrave røyrgate og veg opp til påslag for tunnel på kote 290. Inntaksarrangement vil bli større ved alt. 3 enn i dei to andre alternativa. I alt. 3 et det planlagt eit tradisjonelt elveinntak med 4 m høg inntaksdam. I dei to alternativa med tunnel vil det bli eit mindre lukehus og ein sperreterkel. Vegtrase og røyrgatetrase i alt. 3 vil i større grad enn alt. 1 og 2 påverke turstien opp til Nedre Leknesvatn. Askvoll kommune viser til at ein veg langs elva vil vere uheldig med tanke på opplevings- og friluftsverdien i området. Kommunen viser og til at tilkomstveg bør bli tildekkka og ordna som ein køyresterk del av terrenget. Turlaget peikar og på at vegen bør fjernast eller gjerast om til køyresterkt terreng. NVE er samd med Askvoll kommune og Turlaget om at vegen må tilbakeførast til køyresterkt terreng.

Av dei ulike utbyggingsalternativa som er lagt fram meiner NVE at alternativ 2 med inntak ovanfor Ertefossen samla vil vere det beste alternativet med tanke på mest mogleg produksjon og minst mogleg konflikt knytt til landskap og friluftsliv. Alternativ 2 vil gje noko mindre produksjon enn alternativ med inntak i Nedre Leknesvatnet, men NVE vurderer at fordelane for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv er større enn ulempe knytt til tapt produksjon. Vi vil påpeike at det skal leggast vekt på god terrengtilpassing og å få til løysingar som tek vare på mest mogleg av eksisterande vegetasjon ved ein eventuell konsesjon. Alle inngrep i samband med bygging av inntak, tunnel, røyrgate og veg skal gjerast på ein slik måte at det er mest mogleg skånsamt for området. Dette blir tatt hand om gjennom godkjenning av detaljplanar og oppfølging i anleggsperioden.

Leknesvatn kraftverk vil føre til reduksjon i INON-sone 2 på 0,1 km². INON-sone 2 er område som ligg 1-3 km frå næraste tyngre tekniske inngrep. Villmarksprega område (meir enn 5 km frå tyngre tekniske inngrep) finst ikkje i kommunen. NVE vurderer reduksjonen i inngrepsfrie områder som liten, og legg ikkje avgjerande vekt på denne reduksjonen.

Biologisk mangfald

Aurland Naturverkstad AS har utarbeidd ein rapport med ei utgreiing av naturtilhøva i Skorvenvassdraget og influensområdet til Leknesvatn kraftverk. Av verdiar som vert trekte fram i rapporten er registrering av hekkande storlom (observasjon frå 1984) ved Leknesvatn. I Norsk raudliste av 2010 er storlom kategorisert som nær truga (NT). Sogn og Fjordane Turlag skriv at Leknesvatna er ein velkjend stad for storlom gjennom mange år, men at den siste sikre observasjonen dei har informasjon om, er tre år gamal. Turlaget nemner også andre raudlista fuglar, men opplysningane er for lite konkrete, og NVE har difor ikkje lagt vekt på desse opplysningane. Det er vidare fossekall i området som truleg hekkar langs Botnaelva/Fesseelva. Eidet mellom Leknesvatna utgjer ein viktig del av ei trekkroute for hjort. Det er ikkje påvist verdifulle naturtypar eller truga vegetasjonstypar langs elva. Den totale verdien for biologisk mangfald i utbyggingsområdet er vurdert som middels.

Lom hekkar nær vasskanten, gjerne på mindre holmar, og er avhengig av stabil vasstand i vatnet gjennom rugeperioden. Lom som hekkar ved Leknesvatna kan verte negativt påverka dersom vasstanden i Leknesvatna ikkje er stabil i hekketida. Fossekall vil verte negativt påverka, men minstevassføring kan redusere skaden ved å oppretthalde skjul/reirplassar og ein viss produksjon av botndyr. Rapporten vurderer konsekvensen av tiltaket til å ha liten negativ konsekvens for det biologiske mangfaldet, under føresetnad om at ein tek omsyn til lom ved regulering av vasstand som avbøtande tiltak.

Fylkesmannen viser til at det nesten ikkje vert dagar med flaumoverløp, og at minstevassføringa då vert viktig for å sikre det biologiske mangfaldet som er knytt til elva.

NVE vurderer at influensområdet har avgrensa betydning for biologisk mangfald, men meiner likevel at det må sleppas tilstrekkeleg minstevassføring heile året for å oppretthalde skjul/reirplassar for fossekall og ein viss produksjon av botndyr. Vasstanden i Leknesvatna må i alt. i haldast stabil i hekkeperioden for å ta vare på ev. hekkande storlom. Søkjar opplyser at køyring av kraftverket vil skje utan noko form for effektkøyring, regulering eller utjamning. NVE vurderer ut i frå dette at storlom ikkje vil bli negativt påverka. Den tappestrategien som søkjar legg opp til vil føre til at vasstanden i Leknesvatna i hekkesesongen for storlom (mai-juli) vil bli meir stabil, og monaleg meir stabil i dette tidsrommet samanlikna med eit uregulert felt.

Forholdet til naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova trådte i kraft den 1. juli 2009. Lova legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem. For å oppnå forvaltningsmåla er det i lova inkludert ei rekkje miljøretslege prinsipp som t.d.; krav om kunnskapsgrunnlag, "føre-var" prinsippet, og prinsipp om økosystemforvaltning og samla belastning. Naturmangfaldlova legg føringar for myndigheitene der det vert gitt løyve til anlegg som vil kunne vere av betydning for naturmangfaldet.

Etter NVE sitt syn vil utbygginga ikkje vere i konflikt med naturmangfaldlova §§ 4 og 5, då det ikkje er kjende førekomstar av raudlista artar som vil bli påverka og heller ikkje natur- eller vegetasjonstypar som i vesentleg grad vil bli forringa, gitt at det vert tatt tilstrekkeleg omsyn ved gjennomføring av ei ev. utbygging og gjennom fastsetting av vilkår, jf. lovas §§ 11 og 12. Det er registrert hekkande storlom ved Leknesvatn (NT), men NVE vurderer at storlom ikkje vil bli negativt påverka.

Naturmangfaldlova set krav til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8. Informasjon om biologisk mangfald i influensområdet kjem fram i eigen rapport om naturkartlegging utarbeidd av Aurland Naturverkstad, eige søk i Artsdatabanken og DN's naturbase 28.02.2012, høyringsuttalar og NVEs egne erfaringar. Ut frå dette meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 er tilstrekkeleg til å fatte vedtak, jf. at kravet til kunnskapsgrunnlag skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

§ 9 i naturmangfaldlova om "føre-var" prinsippet skal sjåast i samanheng med vurdering av kunnskapsgrunnlaget, som er omtala ovanfor. For at ein skal gjere bruk av denne paragrafen er det ein føresetnad at det er ein reell risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. NVE kan ikkje sjå at denne føresetnaden er oppfylt i denne saka.

Når det gjeld bruk av § 10 om samla belastning viser vi til våre merknader lenger bak der dette er omtalt i eige avsnitt.

Kulturminne

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. NVE vurderer at det omsøkte tiltaket ikkje vil påverke kulturminneverdiar. Vi viser elles til uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune om at tiltakshavar har ei undersøkingsplikt, jf. lov om kulturminne § 9. Dette punktet vert og fanga opp gjennom standard konsesjonsvilkår.

Landbruk

Det vert opplyst frå søkjar og grunneigarar at ein del gardsbruk nyttar areal i utbyggingsområdet som beiteareal for småfe. Området vert og nytta av grunneigarar til hjortejakt. Skogbruksinteressene i området er svært avgrensa, og dreier seg i all hovudsak om uttak av ved. Bygging av veg vil kunne vere positivt for utnytting av skogen i området.

Gunnar Osland, grunneigar i området uttaler at veg til inntaket bør vere styrt med bom for å unngå konflikt mellom næringsinteressene og motorisert ferdsel. NVE meiner at spørsmålet om bom ved veg opp til inntaket vert opp til søkjar å vurdere, då dette etter vårt syn er av mindre betyding. NVE vurderer at tiltaket ikkje vil påverke landbruksinteressene i området i nemneverdig grad.

Vasskvalitet, vassforsynings- og resipientinteresser

NVE kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke kjente vassforsyningsinteresser. Botnaelva sin verdi som resipient vil bli redusert, men vi vurderer konsekvensane i bygge- og driftsfasen som små.

Verknader for samfunnet

Tiltaket vil gi 9,6 – 14,6 GWh per år i ny fornybar energi, avhengig av alternativ, og vil bidra til verdiskaping for SFE Produksjon AS. I utbyggingsfasen vil det kunne gje positive ringverknader for lokalt næringsliv i samband med auka sysselsetting. Kraftproduksjonen vil gi skatteinntekter til kommunen.

Konsekvensar av kraftliner

Det er ikkje planlagt nye luftliner i samband med utbygginga. Krafta vil bli ført fram til regionalnettet via en ca. 200 meter lang jordkabel langs tilkomstvegen. NVE vurderer at det vil vere få negative konsekvensar av kraftlinene utanom mindre inngrep i anleggsperioden.

Samla belastning

Den samla belastninga utgjer konsekvensar av fleire vasskraftanlegg og andre vassdragsinngrep innanfor eit geografisk avgrensa område. Sjølv om eit enkelt utbyggingsprosjekt ser ut til å ha relativt avgrensa negative konsekvensar for miljø og andre allmenne og private interesser, kan dei samla konsekvensane frå mange slike inngrep bli store.

I Askvoll kommune er det fleire eksisterande kraftutbyggingar. Av større utbyggingar er utbygginga i Skorvenvassdraget med reguleringsmagasin i Bjørnastigvatn, Markavatnet og Øyravatnet, og utbygginga i Stongselva med reguleringsmagasin i Svelivatnet, Botnastølsvatnet og Stongsvatnet. Rivedalselva er utbygd. Det er gitt konsesjon for Grunnevatn kraftverk og konsesjonsfritak for Størdalselva mikrokraftverk. I tillegg til søknad for Leknesvatn kraftverk har NVE motteke søknader om utbygging av småkraftverk i Bakkeelva (Holmedal) og Hundsåna (Hestvik). Under høyringa kom det og fram at grunneigarar har planar om ei utbygging av Trollelva i Skorvenvassdraget.

Totalt sett er Askvoll kommune utsett for eit ikkje ubetydeleg utbyggingspress, og etter vårt syn vil det vere viktig å ta vare på noko av den vassdragsnaturen som er igjen i Askvoll i konsesjonshandsaming av små kraftverk. Samla belastning av eksisterande og nye kraftutbyggingar har størst betyding med tanke på tap av inngrepsfrie naturområde, landskapspåverknad og eventuelle tap av truga naturtypar

og/eller habitat. Den planlagde utbygginga vil i liten grad redusere inngrepsfrie område og det er ikkje kjent at utbygginga vil påverke sjeldsynte naturtypar eller artar. Ei utbygging av Leknesvatn kraftverk etter alternativ 2 vil etter vårt syn i mindre grad påverke landskapsverdiane, sjølv om redusert vassføring i Ertefossen vil redusere noko av elvas verdi som landskapselement.

Oppsummering

Ei utbygging etter dei omsøkte planane vil gje om lag 9,6 – 14,6 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon, avhengig av alternativ. Dette er ein produksjon som er vanleg for småkraftverk. Sjølv om dette isolert sett ikkje er eit vesentleg bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjer småkraftverk samla sett ein stor del av ny tilgang dei seinare år. I løpet av dei to siste åra har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi frå småkraftverk. Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. NVE meiner at så lenge desse interessene ikkje er av svært stor verdi eller dersom dei kan avbøtast i tilstrekkeleg grad gjennom vilkår, så kan tiltaket få konsesjon. Dei konsesjonsgitte tiltaka vil vere eit bidrag i den politiske satsinga på småkraftverk, og på fornybar energi.

Etter NVE si vurdering er det redusert vassføring i øvre del med Ertefossen, og naturinngrep ved etablering av veg og røyrgate, som har størst negativ verknad i prosjektet. Av dei ulike utbyggingsalternativa som er lagt fram meiner NVE at alternativ 2 med inntak ovanfor Ertefossen samla vil vere det beste alternativet med tanke på mest mogleg produksjon og minst mogleg konflikt knytt til landskap og friluftsliv. Alternativ 2 vil gje noko mindre produksjon enn alternativ med inntak i Nedre Leknesvatnet, men NVE vurderer at fordelane for allmenne interesser knytt til landskap og friluftsliv er større enn ulempe knytt til tapt produksjon. Redusert vassføring i Ertefossen kan avbøtast på ved å auke minstevassføringa i sommarsesongen. Samla sett meiner NVE at det er fleire fordelar enn ulemper ved val av alternativ 2, og at dette alternativet gir ei betre utnytting av eit allereie regulert vassdrag. Med god detaljplanlegging og oppfølging i anleggstida vil det etter vårt syn vere mogleg å tilpasse anlegget til terrenget på ein god måte.

NVEs konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev SFE Produksjon AS løyve etter vassressurslova § 8 til bygging av Leknesvatn kraftverk etter alternativ 2. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til energilova

SFE Produksjon AS har lagt fram planar om installasjon av elektrisk høgspontanlegg som inneber 200 m 22 kV jordkabel til eksisterande linjenett.

Verknadene av linjetilknyttinga inngår i NVE si totalvurdering av planane, og er ikkje avgjerande for konsesjonsvedtaket.

SFE Nett AS er områdekonsesjonær og skal i følgje søknaden stå for bygging og drift av anlegget. Vi finn det ikkje nødvendig med ein egen anleggskonsesjon etter energilova for høgspenttilknytting til 22 kV nett. Nødvendige høgspentanlegg, inkludert transformering, kan byggjast i medhald av nettselskapet sin områdekonsesjon.

Dersom SFE Produksjon AS ynskjer eigen anleggskonsesjon, må det sendast inn søknad om dette når eksakt storleik på elektriske installasjonar er klar. NVE kan då meddele eigen anleggskonsesjon for kraftverket.

SFE Nett AS har uttala at det må påreknast eit anleggsbidrag ved tilkopling av Leknesvatn kraftverk og til ei styrking av linjenettet. Det er per i dag uklart om det er kapasitet i lokalt 22 kV nett før transformatorstasjon ved Øyravatnet, og sentralnettet mellom Aurland og Ørskog, er ferdigstilt.

NVE har ikkje gjort ei grundig vurdering av kapasiteten i nettet, og tiltakshavar er sjølv ansvarleg for at avtale om nettilknytning er på plass før byggjearbeid startar. NVE vil ikkje behandle detaljplanar før tiltakshavar har dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklart. Slik dokumentasjon må føreligge samtidig med innsending av detaljplanar for godkjenning, jf. konsesjonsvilkåra post 4.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

Post 1: Slepp av vatn

Følgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for konsesjon gjeve av NVE og fastsetting av minstevassføring:

Middelvassføring	m ³ /s	0,78
Alminneleg lågvassføring totalfelt	l/s	46
Alminneleg lågvassføring restfelt	l/s	22
5-persentil sommar	l/s	61
5-persentil vinter	l/s	58
Største slukeevne	m ³ /s	1,8
Største slukeevne i % av middelvassføring	%	231
Minste slukeevne	m ³ /s	0,09

Det er planlagt slepp av minstevassføring på 22 l/s gjennom heile året. Fylkesmannen uttaler at sidan prosjektet omfattar endring av reguleringsregime for Bjørnastigvatnet, bør utrekning av minstevassføring ta omsyn til heile nedbørfeltet og ikkje berre det uregulerte feltet. Fylkesmannen skriv også at sidan utrekningane viser at det nesten ikkje vert dagar med flaumoverløp, er minstevassføringa viktig for å sikre det biologisk mangfaldet som er knytt til elva og andre interesser. Fylkesmannen meiner minstevassføringa ikkje bør setjast under dei utrekna 5-persentilverdiane for heile nedbørfeltet.

Sogn og Fjordane Turlag meiner også det må takast utgangspunkt i alminneleg lågvassføring og 5-persentilverdiane for totalfeltet, og ikkje berre for det uregulerte restfeltet nedanfor Bjørnastigvatnet. Om vinteren meiner Turlaget at alminneleg lågvassføring på inntaksstaden (46 l/s) må vere minimum minstevassføring. Om sommaren meiner turlaget at 5-persentil sommar er høveleg vassføring, dersom inntak vert lagt på nedsida av Ertefossen. NVE er einig med Fylkesmannen og Turlaget om at det må setjast krav til minstevassføring for å oppretthalde biologisk mangfald og noko av opplevings- og friluftsværdien av Ertefossen og området nedanfor fossen. Ei minstevassføring vil gi ein viss produksjon av botndyr og sikre noko av synsinntrykket og lyden av elva. I perioden 01.10-31.04 meiner vi det er tilstrekkeleg å fastsette ei minstevassføring omlag i storleiksorden med alminneleg lågvassføring frå restfeltet for perioden. NVE meiner at elva i sommarmånadane har stor verdi for

landskap- og friluftsverdien av området. For å behalde noko av desse verdiane meiner vi at minstevassføringa må setjast noko høgare enn omsøkt i sommarsesongen.

Ut i frå dette fastset NVE ei minstevassføring på 100 l/s i tida 01.05-30.09 og 25 l/s resten av året. I forhold til søknaden vil dette gje ein redusert produksjon på ca. 0,76 GWh/år, basert på oppgitt energiekvivalent. Samla produksjon vil då bli på 12,3 GWh/år. Etter vårt syn er ikkje denne reduksjonen avgjerande for økonomien i prosjektet.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

Ved alle stader med pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om bestemmingar kring slepp av vatn som er lett synleg for allmennheita. NVE skal godkjenne merking, utforming og plassering av skilta.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, skal heile tilsiget sleppast forbi.

Dersom det ved revisjon av konsesjonsvilkår for Skorvenvassdraget vert fastsett minstevassføring frå Bjørnastigvatnet kan krav om minstevassføring bli vurdert på nytt.

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Vi viser til våre merknadar ovanfor, under avsnittet forholdet til energilova. NVE vil ikkje godkjenne planane før det er dokumentert at det er tilgjengeleg kapasitet og at kostnadsfordelinga er avklara, jf. våre merknadar ovanfor, under avsnittet "Forholdet til energiloven".

NVE har gitt konsesjon med følgjande føresetnadar:

Inntak (kote)	420,5 moh
Kraftstasjon (kote)	167 moh
Val av alternativ	Utbygging etter alternativ 2
Installert effekt, maksimalt	3,76 MW
Antall turbiner, type	1. stk peltonturbin
Største slukeevne	1,8 m ³ /s
Minste slukeevne	0,09 m ³ /s
Vassveg	Tunnel i fjell (410 m) og nedgrave røyrgate (810 m).
Veg	Permanent veg til kraftstasjon. Mellombels veg fram til påslag for tunnel kote 290 som etter endt anleggsarbeid tilbakeførast til køyresterkert terreng. Midlertidig anleggsveg langs røyrtraseen skal fjernast. Inntaket skal byggjast veglaust.

Detaljerte planar skal leggast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Mindre endringar kan godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dette inkluderer installert effekt og slukeevne. Anlegg som ikkje er bygd i samsvar med konsesjon og/eller planar

godkjent av NVE, dette gjeld også installert effekt og slukeevne, vil ikkje ha rett til elsertifikat. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversening av detaljplanar.

Av omsyn til landskap og friluftsliv skal veg til inntaket tilbakeførast til køyresterkt terreng. Røyrgata skal gravast ned på heile strekninga dersom NVE ikkje godkjenner anna av miljømessige omsyn.

Vi viser også til merknadane til vilkåra i post 6 nedanfor, om kulturminne.

Post 5: Naturforvaltning

Vilkår for naturforvaltning blir teke med i konsesjonen sjølv om det i dag synast lite aktuelt å pålegge ytterligere avbøtande tiltak. Eventuelle pålegg i medhald av dette vilkåret må vere relatert til skadar forårsaka av tiltaket og stå i rimeleg forhold til storleiken og verknader av tiltaket.

Post 6: Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varsling av aktuelle instansar dersom ein støyter på kulturminne i byggjefasen, jf. kulturminneloven § 8 (jf. pkt.3 i vilkåra).

Post 8: Tersklar m.v.

Dette vilkåret gjev heimel til å pålegge konsesjonær å etablere tersklar eller gjennomføre andre biotopjusterande tiltak dersom dette skulle vise seg å vere nødvendig.

Andre merknader

Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft

Sidan Leknes kraftverk vil nytte vatn frå eksisterande regulering, vil anlegget vere pliktig til å betale konsesjonsavgifter og avstå konsesjonskraft for den regulerte vassføringa som vert utnytta, jf. post 4 og post 20 i konsesjon for til regulering av Skorvenvassdraget, meddelt ved kgl. Res. av 20.02.1959. NVE vil komme tilbake til dette når kraftverket er bygd.

Privatrettslege spørsmål

Eventuelle privatrettslege spørsmål som vedkjem dei enkelte eigedommar som vert påverka av utbygginga må løysast direkte mellom utbyggjar og dei respektive grunneigarar.

Forhold til veglova

NVE minner om Statens vegvesen sine merknader av brev 23.05.2011. Statens vegvesen, Region Vest viser til at avkjørsle frå fylkesveg 367 skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming. Framlegg om løysing for avkjørsle skal godkjennast av Statens vegvesen før den kan takast i bruk.

Forhold til plan- og bygningslova

"Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker" gjev saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggjesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette føreset at tiltaket ikkje er i strid med arealdel i kommuneplan eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forhold til ureiningslova

Det er søkt etter ureiningslova om løyve til å gjennomføre tiltaket. Det må søkjast Fylkesmannen om nødvendig avklaring etter ureiningslova i anleggs- og driftsfasen. NVE har ikkje myndigheit til å gje vilkår etter ureiningslova.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonshandsaming hjå sektormyndigheita

NVE har ved vurdering av om konsesjon skal gjevast etter vassressurslova § 8 føreteke ei vurdering av krava i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) § 12 vedrørende ny aktivitet eller nye inngrep. NVE har vurdert alle tiltak som praktisk let seg gjennomføre for å kunne redusere skadar og ulemper ved tiltaket. NVE har sett vilkår i konsesjonen som ein vurderer eigna for å avbøte ei negativ utvikling i vassførekomsten. I vilkåra er det inkludert krav om minstevassføring og standardvilkår som etter post 5 i vilkåra gjev vassdragsmyndigheitene, her DN/Fylkesmannen, høve til å gje pålegg om tiltak som seinare kan betre tilhøva i det påverka vassdraget. NVE har vurdert samfunnsnyttan av inngrepet til å vere større enn skadane og ulempene ved tiltaket. Vidare har NVE vurdert at føremålet med inngrepet i form av fornybar energiproduksjon ikkje med rimelegheit kan oppnåast med andre middel som er vesentleg betre for miljøet. Både om inngrepet teknisk kan gjennomførast og kostnader er vurdert.